

Førde kommune



Årsmelding Førde kommune 2015

Førde kommune – Ei drivkraft med menneska i sentrum

www.forde.kommune.no



Innhald

1	Innleiing	3
2	Økonomisk oversyn	4
2.1	Driftsresultat	4
2.2	Driftsinntekter	7
2.3	Driftsutgifter	8
2.4	Budsjettavvik	9
2.4.1	Budsjettavvik totalt	9
2.4.2	Budsjettavvik pr. eining	10
2.5	Resultatvurderingar	13
2.5.1	Driftsresultat og nivå	13
2.5.2	Finanspostar	14
2.6	Gjeld	15
2.7	Investeringar	16
2.8	Finansplasseringar	18
2.8.1	Bakgrunn	18
2.8.2	Avkastning	18
2.8.3	Akkumulert avkastning	19
2.8.4	Rammer og risiko	19
2.8.5	Framover	19
2.9	Eigenkapital og likviditet	20
2.9.1	Disponibel kapital	20
2.9.2	Bufferfondet	20
2.9.3	Likviditet	21
2.10	Overordna Kostra-tal	22
2.11	Hovudoversikter	23
2.11.1	Rekneskapskjema 1A – Driftsrekneskapen	23
2.11.2	Rekneskapskjema 2A – Investeringsrekneskapen	24
2.11.3	Balanserekneskapen	25
2.11.4	Økonomisk oversikt drift	26
2.11.5	Økonomisk oversikt investering	27
3	Likestilling	28
3.1	Kjønnsfordeling i kommunen	28
3.2	Kjønnsfordelt oversikt over heiltids- og deltidstilsette	29
3.3	Kjønnsfordelt lønsstatistikk	30
3.4	Uttak av permisjon/tapte dagsverk pga permisjon sortert på kjønn	32
3.5	Alderssamansetning	32
3.6	Kjønnsdelt statistikk i forbindelse med personalpolitiske satsingar	32
3.7	Tiltak for å fremme likestilling og hindre forskjellsbehandling	33
4	Etikk	34
5	Rådmannens eigenkontroll	35

1 Innleiing

Årsmelding for Førde kommune gjer greie for den økonomiske drifta av kommunen i 2015. Hovudbodskapan i meldinga er korleis tildelte midlar er nytta i 2015 og med ei forklaring der det er større avvik, og økonomisk status pr. 31.12.15. Vidare inneheld årsmeldinga statusoversikt når det gjeld likestilling og etikk, samt kva planar kommunen har på desse områda.

Driftsrekneskapan 2015 er avslutta med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 9,8 mill kr. Investeringsrekneskapan 2015 er avslutta med eit udekkka beløp på 8,7 mill kr. I tillegg kjem to investeringsprosjekt frå 2014 som framleis er udekkka, slik at totalt udekkka beløp i investering er 10,2 mill kr.

Netto driftsresultat er 2,0 % av driftsinntektene i 2015. Dette er eit tilfredsstillande resultat for 2015.

Driftsrekneskapan for Førde kommune i 2015 er avslutta med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 9,8 mill kr samanlikna mot eit rapportert meirforbruk på 13,9 mill kr. Differansen kan forklarast med lågare rentekostnad enn budsjettert, mindreutgifter pensjon, auka tilskot til flykningar og høgare skatteinntekter.

Avkastning på plasserte midlar utgjorde 5,3 mill kr i 2015 mot budsjettert 8,9 mill kr. Differansen er finansiert med bruk av bufferfond vert revidering av budsjettet i 2015. Rekneskapsmessig driftsresultat i 2015 utan bruk av bufferfondet på 3,6 mill kr ville vore eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 6,2 mill kr.

Førde kommune har hatt meirforbruk i drifta i 2015. To einingar kjem ut med eit meirforbruk på 5 mill kr kvar; barnevern og bu- og miljøtenesta. Ved årsslutt utgjer samla meirforbruket 19,4 mill kr. Budsjettrapporteringa har stort sett vore god i 2015, men meirforbruket utfordrar driftssituasjonen til Førde kommune i 2016.

Eigenkapitals- og likviditetssituasjonen er relativt god.

I tillegg til årsmeldinga er det utarbeidd årsrapportar for dei ulike sektorane i kommunen. Årsrapporten omhandlar ressursinnsats, spesielle hendingar, resultatvurdering og målsettingar for sektoren.

Til sist blir det utarbeidd eit samledokument som inneheld alle einingane sine årsrapportar, der det store aktivitetsnivået i kommunen blir synleggjort.

Rådmannen vil nytte høve til å takke alle tilsette og politikarane for samarbeidet gjennom fjoråret.

Førde, 11. mars 2016



Ole John Østenstad

Rådmann

2 Økonomisk oversyn

2.1 Driftsresultat

År		2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Driftsinntekter	mill kr	-596	-646	-707	-758	-823	-906	-951	-970	-1 033
Driftsutgifter	mill kr	587	632	689	746	811	872	925	970	1 012
Brutto driftsresultat	mill kr	-9	-14	-18	-12	-12	-33	-26	0	-21
Korrigert for avskrivningar	mill kr	-27	-30	-37	-39	-43	-46	-51	-56	-58
Brutto driftsresultat ekskl. avskrivningar	mill kr	-36	-44	-55	-51	-55	-79	-77	-56	-79
Netto finanskostnader	mill kr	31	62	23	30	51	42	44	54	58
Netto driftsresultat	mill kr	-5	18	-32	-21	-4	-37	-32	-2	-21
Netto bruk av fondsmidler	mill kr	1	-6	-1	7	4	29	24	2	11
Rekn.mess. meir-/mindreforbr.	mill kr	-4	12	-33	-14	0	-8	-8	0	-10
<i>Brutto driftsresultat</i>	<i>% av dr innt</i>	<i>1,5</i>	<i>2,2</i>	<i>2,5</i>	<i>1,6</i>	<i>1,5</i>	<i>3,7</i>	<i>2,7</i>	<i>0,0</i>	<i>2,0</i>
<i>Netto driftsresultat</i>	<i>% av dr innt</i>	<i>0,8</i>	<i>-2,8</i>	<i>4,5</i>	<i>2,8</i>	<i>0,5</i>	<i>4,1</i>	<i>3,4</i>	<i>0,2</i>	<i>2,0</i>
<i>Rekn.mess. meir-/mindreforbr.</i>	<i>% av dr innt</i>	<i>0,7</i>	<i>-1,9</i>	<i>4,7</i>	<i>1,8</i>	<i>0,0</i>	<i>0,9</i>	<i>0,8</i>	<i>0,0</i>	<i>0,9</i>

Førde kommune har eit brutto driftsresultat¹ i 2015 på 21 mill kr (79 mill kr ekskl. avskrivning). Dette er 23 mill kr betre enn fjorårets brutto driftsresultat.

Netto finanskostnader aukar frå 54 mill kr i 2014 til 58 mill kr i 2015. Lågare inntektsført gevinst på plasserte midlar frå 2014 til 2015 på 7,1 mill kr og reduserte rentekostnader på 4 mill kr forklarar auken i netto finanskostnad. Sjå og kapittel 2.5.2.


Netto driftsresultat² (resultat før bruk eller avsetting til fond) utgjer 21 mill kr i 2015. Dette er høgare enn netto driftsresultat i 2014 på 2 mill kr.

Driftsrekneskapan for 2015 viser rekneskapsmessig mindreforbruk på 10 mill kr. Netto driftsresultat for Førde kommune er 2,0 % av driftsinntektene i 2015. Dette er over tilrådd norm for netto driftsresultat på 1,75 %.

¹ Brutto driftsresultat viser kommunen sine brutto driftsinntekter etter fråtrekk for brutto driftsutgifter, inkludert avskrivningskostnader. Begrepet kan i stor grad samanliknast med "driftsresultat" i resultatoppstillinga til bedrifter med regnskapsplikt etter regnskapslova.

² Netto driftsresultat er hovudindikatoren for den økonomiske balansen i kommunar. Netto driftsresultat viser årets driftsoverskot etter at renter og avdrag er betalt, og er eit uttrykk for kva kommunar har til disposisjon til avsetningar og investeringar.

Grafisk framstilling av driftsresultat i % av driftsinntekter:



Tabellen viser at brutto driftsresultat held seg forholdsvis stabilt medan netto driftsresultat og rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk varierer avhengig av avkastning på plasserte midlar i rente- og aksjefond.

Tabellen nedanfor forklarar rekneskapsmessig resultat i 2015:

Forklaring til rekneskapsmessig mindreforbruk:	Beløp (mill kr)	Rapportert
Meirforbruk i fleire einingar totalt	19,4	21,3
Lågare rentekostnad	-9,5	-7,0
Mindre utgifter pensjon	-7,6	0,0
Auka integreringstilskot flykningar utover budsjett	-7,1	0,0
Høgare skatteinntekter	-4,6	0,0
Sum	-9,8	13,9

Rekneskapsmessig resultat for Førde kommune i 2015 var eit mindreforbruk på 9,8 mill kr samanlikna mot eit rapportert meirforbruk på 13,9 mill kr. Differansen mellom rekneskapsresultat og rapportert meirforbruk utgjer nesten 24 mill kr kan forklarast med lågare rentekostnad enn rapportert på 2,5 mill kr, mindre utgifter pensjon på 7,6 mill kr, auka integreringstilskot flykningar utover budsjett på 7,1 mill kr og høgare skatteinntekter på 4,6 mill kr.

I tillegg vart det rapportert om lågare avkastning på plasserte midlar enn budsjettet. Avkastninga utgjorde 5,3 mill kr i 2015 mot budsjettet 8,99 mill kr. Rådmannen vart delegert fullmakt til å bruke bufferfondet til å finansiere differansen mellom reell og budsjettet avkastning på plasserte midlar i 2015. Dette er gjennomført og det er inntektsført bruk av bufferfond på 3,6 mill kr i rekneskapen for 2015. Rekneskapsmessig resultat utan inntektsført bruk av bufferfond er 6,2 mill kr.

Gjennom 2015 er det rapportert om meirforbruk i fleire einingar. Ved årsslutt utgjorde meirforbruket i drifta 19,4 mill kr. Meirforbruket for einingane har i stor grad vore rapportert i tertialrapportar gjennom året og kjent både for administrativ og politisk nivå. Meirforbruket i einingane utfordrar driftssituasjonen til Førde kommune i 2015. Fleire einingar skil seg ut med større meirforbruk. Det vert vist til side 11 for meir detaljar.

Det er i 2015 budsjettet med avsetjing til disposisjonsfond på 18,1 mill kr som følgje av gjennomført innsparingsprosess. På grunn av rapportert meirforbruk har det gjennom 2015 vert usikkert i kva grad vi klarer å setje av midlar til disposisjonsfondet. Dette har vidare konsekvensar for finansiering av investeringsbudsjettet for 2016. På grunn av eit positivt rekneskapsmessig resultat for Førde kommune i 2015 er avsetjing til disposisjonsfondet på 18,1 mill kr gjennomført.

Oppsummert har budsjetterrapporteringa stort sett vore god i 2015, men meirforbruket utfordrar driftssituasjonen til Førde kommune i 2016.

2.2 Driftsinntekter

Driftsinntekter mill kr	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Rekneskap 2015	% av innt	Avvik R15-B15	% endr R14-R15
Brukarbetalingar	-38	-39	-39	4 %	0	2 %
Andre sals- og leigeinntekter	-101	-102	-106	10 %	-4	5 %
Overføringar med krav til motytingar	-158	-121	-181	18 %	-60	15 %
Rammetilskot frå staten	-305	-306	-306	30 %	0	0 %
Andre statlege overføringar	-29	-22	-34	3 %	-12	18 %
Andre overføringar	-4	-2	-6	1 %	-4	69 %
Skatt på inntekt og formue	-305	-325	-329	32 %	-4	8 %
Eigedomsskatt	-30	-30	-31	3 %	-1	6 %
Andre direkte og indirekte skattar	-1	0	0	0 %	0	
Sum driftsinntekter	-970	-947	-1033	100 %	-86	6 %

Totale driftsinntekter utgjer 1033 mill kr i 2015. Dette er ein auke på 6 % samanlikna med 2014.

Skatt på inntekt og formue og rammetilskot utgjer til saman 62 % av driftsinntektene til Førde kommune i 2015. Samla budsjettavvik for desse inntektskjeldene er 4 mill kr i 2015 og kjem av auka skatteinntekter samanlikna med inntektsføresetnadane i statsbudsjettet for 2015.

Overføring med krav til motytingar utgjer det største budsjettavviket på 60 mill kr. Dette avviket omfattar sjukelønsrefusjon og fødselspengar på 27 mill kr, refusjonar frå kommunane på 16 mill kr og mva kompensasjon i drift på 9 mill kr. Refusjon frå kommunane utgjer i hovudsak kjøp av IKT-utstyr og lisensar som SYS IKT forvaltar og inngår i overføringar med krav til motytingar. Inntektene omtalt i dette avsnittet vert i mindre grad budsjettert då omfang er usikkert og inntektene tilsvarande har ein utgiftspost.

Mill kr	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Skatt på inntekt og formue	-221	-233	-251	-271	-263	-280	-302	-305	-329
<i>Endring kr frå året før</i>	1	-13	-18	-20	8	-17	-23	-3	-24
<i>Endring % frå året før</i>	-1	6	8	8	-3	6	8	1	8
Eigedomsskatt	-21	-21	-22	-22	-23	-23	-27	-30	-31
<i>Endring kr frå året før</i>	-6	-1	-1	0	-1	0	-4	-3	-1
<i>Endring % frå året før</i>	45	3	4	0	2	1	17	12	3

Tabellen ovanfor viser utvikling i skatt på inntekt og formue og eigedomsskatt i perioden 2007 til og med 2015.

Skatt på inntekt og formue har auka i tråd med statleg politikk. Frå 2014 til 2015 er skatteandelen auka med 0,1 %-poeng for å haldesamla skatteinntekter på 40 % av samla inntekter. Skatteinngangen på inntekt og formue i Førde var høgare enn det som var lagt til grunn i statsbudsjettet for 2015. Skattenivået i forhold til landsgjennomsnittet gjekk frå 95,8 % i 2014 til 97,7 % i 2015. Inntektsutjamninga i rammetilskotet er tilsvarande redusert med 3 mill frå 2014 til 2015.

Inntekter frå eigedomsskatt har auka frå 2014 til 2015 med bakgrunn i gjennomført verdijustering av eigedomsskatten. Skattesatsen for bustader og fritidseigedomar er endra frå 2,5 promille i 2014 til 2,6 promille i 2015, medan skattesatsen for andre eigedomar er endra frå 6,0 promille 2014 til 6,2 promille i 2015. Det er i årsbudsjett for 2016 vidareført verdijustering av eigedomsskatten.

2.3 Driftsutgifter

Driftsutgifter mill kr	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Rekneskap 2015	% av utg	Avvik R15- B15	% endr R14-R15
Lønsutgifter	500	500	529	52 %	29	6 %
Sosiale utgifter	135	144	137	14 %	-7	2 %
Kjøp som inngår i kommunal prod.	124	98	141	14 %	43	14 %
Kjøp som erstatter kommunal prod.	56	47	60	6 %	13	6 %
Overføringer	103	81	97	10 %	16	-5 %
Avskrivninger	56	58	58	6 %	0	3 %
Fordelte utgifter	-3	-2	-9	-1 %	-7	224 %
Sum driftsutgifter	970	926	1 012	100 %	87	4 %

Totale driftsutgifter utgjør 1012 mill kr i 2015. Dette er en øke på 4 % sammenlikna med 2014.

Lønsveksten utgjør en øke på 3,2 % av lønskostnadene. Stor interkommunal prosjektaktivitet/ samarbeidsaktivitet der Førde bidreg med ressursar og fører rekneskap forklarar og noko av auken i brutto driftsutgifter og brutto driftsinntekter. Til sist utgjør meirforbruket i einingar øke i totale driftsutgifter på 1,9 %, jamfør omtale på side 5.

Lønsutgifter og sosiale utgifter er størst utgiftspost og utgjør 66 % av driftsutgiftene i 2016. Budsjettavviket på 22 mill kr for lønsutgifter og sosiale utgifter har tilsvarande motpost på inntektsida gjennom sjukerefusjon og fødselspengar på 27 mill kr og mindre utgifter pensjon på 7,6 mill kr.

Avvik mellom budsjett og rekneskap 2015 for kjøp som inngår i kommunal produksjon og kjøp som erstatter kommunal produksjon skuldast fleire forhold. Kjøp av IKT-utstyr og lisensar som SYS IKT forvaltar utgjør 16 mill kr. Kjøp av tenester frå private til barnevernstiltak forklarar noko av avviket. Til sist utgjør intern fordeling mellom tenester på rekneskap og skatt ein kostnad på 7 mill kr som er utgiftsført under kjøp som inngår i kommunal produksjon og som er inntektsført under fordelte utgifter.

Avvik mellom budsjett og rekneskap 2015 for overføringer på 16 mill kr kan forklarast med meirverdiavgift i driftsrekneskapen som ikkje er budsjettert på 9 mill kr og overføring av statstilskot til private då Førde kommune har motteke og vidareformidla tilskot til SMISO på 2,5 mill kr.

2.4 Budsjettavvik

2.4.1 Budsjettavvik totalt

Driftrekneskap mill kr	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Budsjettavvik
Driftsinntekter	-1033	-947	-86
Driftsutgifter	1012	926	87
Brutto driftsresultat	-21	-22	1
Finansresultat netto	58	68	-10
Korreksjon for avskrivning	-58	-58	0
Netto driftsresultat	-21	-12	-9
Netto fondsdisposisjonar	11	12	-1
Rekn.mess mindreforb	-10	0	-10
<i>Brutto driftsresultat % av dr innt</i>	<i>2,1 %</i>	<i>2,3 %</i>	
<i>Netto driftsresultat % av dr innt</i>	<i>2,0 %</i>	<i>1,2 %</i>	
<i>Rekn.mess. meir/mindreforb</i>	<i>0,9 %</i>	<i>0,0 %</i>	

Tabellen ovanfor viser budsjettavvik for driftsresultat i 2015. Budsjettavvik for driftsinntekter og driftsutgifter er forklart jf. kapittel 2.2 og 2.3.

Brutto driftsresultat 2015 utgjør eit mindreforbruk på 21 mill kr som er 1 mill kr lågare enn budsjett.

Netto finansresultat er 58 mill kr noko som er 10 mill kr lågare med budsjett. Budsjettavviket for netto finansresultat er forklart jf. kapittel 2.5.2.

Netto driftsresultat 2015 er 21 mill kr noko som er 9 mill kr betre enn budsjett. Dette som følgje av som følgje av lågare netto finanskostnad.

Netto fondsdisposisjonar på 11 mill kr i 2015 er 1 mill kr lågare enn budsjett.

Netto driftsresultat i % av driftsinntekter utgjør 2,0 %. Dette er 0,8 %-poeng betre enn budsjettet og over tilrådd norm for netto driftsresultat jf. kap. 2.5.1.

2.4.2 Budsjettavvik pr. eining

Einingane har slike avvik i 2015:

Ansvar	Ansvar (T)	Rekneskap	Rev budsjett	Avvik i kr	Avvik i %	Rapportert avvik
100	Rådmann	68 777 338	68 086 294	-691 043	-1,0 %	1 048 000
110	Personal og serviceeininga	13 397 641	14 121 898	724 257	5,1 %	-500 000
120	IKT	0	-249 880	-249 880	100,0 %	0
130	Rekneskap-skatt	6 832 645	7 137 124	304 480	4,3 %	-250 000
140	Fagutvikling og koordinering	22 300 730	21 541 951	-758 780	-3,5 %	1 000 000
210	Førde barneskule	17 463 936	17 445 019	-18 918	-0,1 %	120 000
211	Halbrend skule	31 514 223	30 067 605	-1 446 618	-4,8 %	1 570 700
212	Karstad skule	5 518 199	5 714 597	196 398	3,4 %	-200 000
213	Sunde skule	13 024 431	13 105 928	81 497	0,6 %	
214	Holsen skule	7 159 367	7 462 385	303 018	4,1 %	
215	Frøysland skule	2 478 882	2 625 202	146 320	5,6 %	
217	Slåtten skule	26 956 696	26 941 323	-15 373	-0,1 %	
218	Flatene skule	16 319 185	16 285 664	-33 522	-0,2 %	
219	Førde ungdomsskule	26 583 237	26 478 062	-105 175	-0,4 %	
230	Førde Norsksenter	8 320 377	6 662 833	-1 657 544	-24,9 %	1 600 000
250	Kulturskulen	4 411 620	4 487 530	75 910	1,7 %	-150 000
260	PPT	6 238 572	6 567 260	328 688	5,0 %	
270	Slåttebakkane barnehage	5 420 534	5 030 154	-390 379	-7,8 %	
271	Halbrend barnehage	7 559 063	7 528 240	-30 823	-0,4 %	
272	Vie barnehage	10 692 549	10 880 314	187 765	1,7 %	
273	Sunde barnehage	6 274 844	6 139 644	-135 200	-2,2 %	
274	Solsida barnehage	9 779 597	9 883 373	103 776	1,1 %	
275	Førde familiebarnehage	5 086 283	4 857 207	-229 077	-4,7 %	
276	Vieåsen barnehage	7 544 220	7 725 223	181 003	2,3 %	
277	Tusenfryd barnehage	7 508 405	7 676 257	167 852	2,2 %	
278	Hatlehaugen barnehage	5 204 031	5 291 605	87 574	1,7 %	
279	Ytre Hafstad barnehage	7 310 729	7 525 418	214 690	2,9 %	
310	Barnevern	24 999 554	19 635 223	-5 364 331	-27,3 %	6 500 000
311	Helsestasjonen	4 599 576	4 624 436	24 860	0,5 %	0
314	Kronborg ressurskage	11 053 401	10 702 779	-350 622	-3,3 %	300 000
315	Bu- og miljøtenesta	46 026 636	41 104 572	-4 922 064	-12,0 %	5 021 000
320	Legesenter og rehab	19 362 620	19 468 299	105 679	0,5 %	-300 000
340	Psykiatritenesta	8 550 279	9 469 148	918 869	9,7 %	-400 000
355	NAV	23 980 817	22 772 943	-1 207 875	-5,3 %	1 150 000
372	Heimetenester	52 596 795	53 722 353	1 125 558	2,1 %	
373	Kjøkkentenesta	7 122 871	7 424 513	301 643	4,1 %	
374	Helsetunet, skjerma eining	12 147 582	12 207 370	59 788	0,5 %	200 000
375	Helsetunet, eining 2	27 694 716	25 634 100	-2 060 615	-8,0 %	2 000 000
376	Helsetunet, eining 3	12 066 314	11 953 004	-113 310	-0,9 %	300 000
500	Kultur	9 027 008	8 940 352	-86 655	-1,0 %	800 000
610	Byggesak og arealforvaltning	6 392 885	7 215 460	822 574	11,4 %	
620	Forvaltning, drift og vedlikehald	24 860 229	22 542 582	-2 317 647	-10,3 %	2 125 000
670	Teknisk drift	17 732 243	14 652 020	-3 080 223	-21,0 %	2 300 000
671	VAR	-18 211 743	-18 821 203	-609 461	3,2 %	-1 000 000
	SUM EININGAR	639 679 120	620 266 182	-19 412 938	0	21 300 000
900	Finansielle føremål	-639 679 120	-620 266 182	19 412 938		-7 400 000
		0	0	0	0	13 900 000

Tabellen på førre side viser at einingane kjem i sum ut med eit meirforbruk på 19,4 mill kr.

Kollonna rapportert avvik viser varsla avvik i budsjettrapport pr. 30.11.2015 som i sum for einingane varsla eit meirforbruk på 21,3 mill kr.

Kommentar til einingar med større meirforbruk;

- Rådmannen
 - kostnad i skule og barnehage for barnevernsbarn plassert i andre kommunar på 0,8 mill kr
- Fagutvikling og koordinering
 - festeavgift 1,6 mill kr, ekstrakostnad klient 0,3 mill kr og vakanse/ sjukmeldingar på 1,1 mill kr
- Halbrend skule
 - Kostnad til leirskule var ikkje budsjettert, kopiutgifter har eskalert, auka lisensutgifter og auka vikarutgifter forklarar meirforbruket på 1,4 mill kr
- Førde Norsksenter
 - Auka kostnad til introduksjonsordninga på 1,7 mill kr
- Barnevern
 - Auka aktivitet i saker, fleire plasserte barn og med svært høge kostnader. Dette gav auka kostnader ved bruk av fosterheim og kjøp av tenester frå private omsorgsleverandørar på 5,4 mill kr
- Bu og miljøtenesta
 - Mange barn/ungdomar med store behov for avlastningstenester 3,2 mill kr i meirforbruk, nye brukarar med behov for praktisk bistand i eigen bustad 1,1 mill kr og omsorgsløn 0,3 mill kr
- NAV
 - Utgifter til etablering av busette flykningar som er i introduksjonsprogram og økonomisk sosialhjelp til personar i introduksjonsprogram utgjør meirforbruk på 1,2 mill kr
- Helsetunet, langtidseining (eining 2)
 - Meirforbruk på vikar og overtid på grunn av korttidsfråvær, forskyvingar og forlenging av vakter på totalt 1,3 mill kr, kostnad til lærling på 0,2 mill kr var ikkje budsjettert samt at sjukare pasientar med meir komplekse diagnosar har medført meirforbruk på 0,45 mill kr på forbruksmateriell og medikament.
- FDV
 - Ein kald sommar/ vinter medførte høgare straumforbruk tilsvarande 1,4 mill kr. Manglande husleigeinntekter kommunale bustadar på 1 mill og på grunn ledig lokale i Rådhuset på 1 mill kr. Overforbruk på serviceavtaler og vedlikehald på 0,5 mill kr. Innsparing på lønsutgifter på 2 mill kr har redusert meirforbruket til 2,3 mill kr
- Teknisk drift
 - Vegvedlikehald på 1,7 mill kr, vintervedlikehald på 0,4 mill kr, park 0,2 mill kr og brannvesenet på 0,7 mill kr
- VAR
 - Meirforbruk vassledningsnett 0,4 mill kr og 0,2 mill kr på renovasjon/ hushaldningsavfall

Kommentar til einingar med større mindreforbruk;

- Stabseiningane; administrasjon, rekneskap og skatt, SYS IKT har samla eit mindreforbruk på 1,0 mill kr på grunn av
 - Vakante stillingar/sjukefråvær som ikkje har blitt erstatta
 - Innsparing på kontormateriell/kopieringsmaterieil, post/bankenester/ telefon
- Psykiatritenesta
 - Usikkerheit kring refusjonsavtale med kommune har gjort til at det er kjørt streng i 2015. Dersom refusjonskrav ikkje vert betalt vil overskotet vert redusert med 0,83 mill kr
- Heimetenesta
 - Eininga har vore drifta etter ein nøktern bemanningsplan. Innsparing på 0,5 mill kr på vikarbudsjet. Vidare vart alle innkjøp vurdert svært streng. Auka brukarinntekter og mindre lønsutgifter gjer at dagsentera har spart 0,6 mill kr på si drift.
- Byggesak og arealforvaltning
 - Mindre forbruk av konsulenttenester på plan, ei redusert stilling på plan, god inntening på byggesak og oppmåling samt refusjon av fødselsmidlar på to tilsette utgjer eit mindreforbruk på 0,8 mill kr.

Totalt utgjer meirforbruket 3,4 % av total budsjetttramme.


Oppsummert har budsjettstyring og budsjett rapportering i 2015 stort sett vore god.

2.5 Resultatvurderingar

2.5.1 Driftsresultat og nivå

Netto driftsresultat fortel om driftsinntektene er store nok til å dekke løpande drift samt rente og avdrag på lån. For å sikre ei sunn økonomisk utvikling over tid er det anbefalt at netto driftsresultat utgjør 3 % av brutto driftsinntektene. Frå og med 2014 er momskompensasjon knytt til investeringar ført i investeringsrekneskapen, ikkje i driftsrekneskapen som tidlegare. Dette medførte at Teknisk berekningsutval anbefalte nivået på netto driftsresultat frå og med 2014 på 1,75 % for kommunane.

Kommunen vil då ha ein buffer for å møte uventa utgifter eller svikt i inntekter, kunne eigenfinansiert investeringar og generelt ha handlefridom og evne til å fornye og utvikle eigedomar og andre ressursar som vert brukt i tenesteproduksjonen.



I 2015 oppnådde Førde kommune eit netto driftsresultat på 2,0 % av brutto driftsinntekter. Dette er eit tilfredstillande resultat for 2015. Driftsresultatet for einingane viser eit meirforbruk på 19,4 mill kr men lågt rentenivå, lågare pensjonskostnad enn budsjettert, auka flyktningtilskot og høgare skatteinntekter enn budsjettert gjer til at rekneskapsresultatet for 2015 vart betre enn rapportert.

Det er viktig å understreke at auka flyktningtilskotet på 7,1 mill kr mot slutten av 2015 kom som følgje av auka busetting. Tilsvarande kostnadsauke framgår delvis av einingane Førde Norsksenter, NAV og FDV på total 3,8 mill kr. Det ligg derfor ein risiko for auka kostnad til busetting av flyktningar i 2016 som delvis er finansiert av inntektsført flyktningtilskot i 2015.

I 2014 oppnådde Førde kommune eit netto driftsresultat på 0,2 %. Vi har derfor hatt ei reell positiv utvikling av netto driftsresultat frå 2014 til 2015.

2.5.2 Finanspostar

	Rekneskap 2014	Rev budsjett 2015	Rekneskap 2015
Renter frå fakturering	-90 668	-100 000	-44 825
Gevinst på finansielle omløpsmidlar	-12 413 559	-5 353 000	-5 329 661
Renteinntekter	-6 817 425	-6 250 000	-5 326 010
Utbytte og eigaruttak	-3 524 478	-3 325 000	-2 013 153
Mottekne avdrag på utlån	-157 273	-100 000	-112 615
Sum ekstern finansinntekter	-23 003 403	-15 128 000	-12 826 264
Forseinkingsrenter	21 127	2 136	15 508
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	33 673 859	39 627 000	28 153 126
Tap finansielle instrument	0	0	0
Avdragsutgifter	43 295 707	43 300 000	42 911 570
Sosiallån	117 056	100 000	123 779
Sum eksterne finansutgifter	77 107 749	83 029 136	71 203 982
Netto eksterne finanskostnader	54 104 346	67 901 136	58 377 719
Korrigerer utbytte og eigaruttak	3 524 478	3 325 000	2 013 153
Korrigerer rentekompensasjon	-3 473 921	-4 424 000	-3 099 677
Korrigerer gevinst/tap finansielle instrument	12 413 559	5 353 000	5 329 661
Netto rente- og avdragskostnad	66 568 462	72 155 136	62 620 856

Tabellen ovanfor viser samanstilling av finanspostar i budsjett/rekneskap 2015 og rekneskap 2014.

Netto eksterne finanskostnader utgjer 58,4 mill kr i 2015 samanlikna mot eit budsjett på 67,9 mill kr. Dette gjev eit mindreforbruk på 9,5 mill kr for netto eksterne finansutgifter. Mindreforbruket skuldast i hovudsak lågare renteutgifter enn budsjettert. Til samanlikning utgjorde netto eksterne finanskostnader 54,1 mill kr i rekneskapen for 2014.

Inkludert i det positive avviket på netto eksterne finanskostnader, er utbytte og gevinst på plasserte midlar. I tillegg bør netto eksterne finanskostnader sjåast opp mot rentekompensasjon Førde kommune mottar for investeringar innan sjukeheim, omsorgsbustader og skulelokale. Korrigert for desse faktorane er netto rente- og avdragskostnad 62,6 mill kr i 2015. Dette er 9,5 mill lågare enn budsjett 2015 og skuldast lågare renteutgifter.

Gevinst på finansielle omløpsmidlar utgjer 5,3 mill kr i 2015. Opprinneleg vart det budsjettert ei avkastning på 8,99 mill kr. Ved rapportering til politisk nivå om lågare forventa avkastning fekk Rådmannen delegert fullmakt til å bruke bufferfondet til å finansiere differansen mellom reell og budsjettert avkastning på plasserte midlar i 2015. Dette er gjennomført og det er inntektsført bruk av bufferfond på 3,6 mill kr i rekneskapen for 2015. I revidert budsjett som framgår av kolumna i tabell ovanfor er budsjettert avkastning nedjustert med 3,6 mill kr til 5,4 mill kr.

2.6 Gjeld

Førde kommune har i handlingsplanen som mål at nye lån ikkje skal overstige det vi betaler ned i årlege avdrag. Dette for at gjelda ikkje skal auke. I 2014 vart det teke opp lån utover handlingsregelen på 2,5 mill kr. Det har i 2015 vore svært krevjande å halde på handlingsregelen om ikkje å auke lånegjelda. Dette på grunn av auka grunnvervskostnadar Hafstad bydel og lågare avsetjing til disposisjonsfond i 2014 som følgje av meirforbruk på 6 mill kr. Lånegjelda har i 2015 auka med 33,3 mill kr utover handlingsregelen. I tillegg kjem auke i lån til vidare utlån (startlån) på 18 mill kr i 2015.


Langsiktig gjeld i Førde kommune har auka med 51 mill (3,8 %) kr frå 1325 mill kr i 2014 til 1376 mill kr i 2015. Lånegjelda utgjer 133 % av samla driftsinntekt i 2014 mot 137 % i 2015. Inkludert i langsiktig gjeld er lån til vidare utlån (startlån) som har auka med 18 mill kr frå 2014 til 2015. Ordinære lån er auka med 33,3 mill kr.

Ein del av den langsiktige gjelda vedrører VAR (15 %), investeringar der vi mottar rentekompensasjon (5 %), lån til vidare utlån (7 %) eller sjølvfinansierte prosjekt. Gjelda er i hovudsak vanlege gjeldsbrevlån i Kommunalbanken, Klip-kommunekreditt, og lån på særskilde vilkår i Husbanken. Attståande løpetid for låna er 30 år.

	31.12.2014	31.12.2015	%
Lån med pt rente/nibor	942,3	590,05	43 %
Lån med fast rente	283	664	48 %
Husbanklån	100	118	9 %
Private utbyggjarar	0	3	0 %
Sum langsiktig gjeld	1325	1376	100 %

Snittrenta i 2015 var 2,0 % for flytande rente og 2,6 % for fastrente.

Grafen nedanfor viser utvikling i gjelds nivå i perioden 2000 til 2015 for Førde kommune;



Langsiktig lånegjeld har vore aukande fram til 2013, men vi ser av grafen at handlingsmål om stabilisering av lånegjelda er nådd for 2014 og delvis for 2015.

2.7 Investeringar

HOVEDOVERSIKT INVESTERINGSREKNESKAP mill kr					
	Reknes 2014	Buds 2015	Reknes 2015	R15 - B15	R15/ R14
Sum inntekter	-40	-66	-70	-4	1,77
Sum utgifter	108	111	149	38	1,38
Sum finanstransaksjonar	54	41	67	26	1,25
FINANS.BEHOV	122	87	146	60	1,20
Sum finansiering	-111	-88	-138	-50	1,24
UDEKKA/UDISP.	11	-1	9	9	0,76

Tabellen ovanfor viser at det har vore høgare aktivitet innan investeringsprosjekt i 2015 enn i 2014.

Investeringsrekneskaper for 2015 vert gjort opp med ein sum på 8,7 mill kr som ikkje er dekkja/finansiert. I tillegg er det to prosjekt som ikkje er inndeckja frå 2014.

Prosjektrekneskap for prosjekt 1079 Meierikvartalet vart vedteke av bystyret 29.10.2015. Nytt låneopptak på 1,5 mill kr for å finansiere totalt prosjektkostnader vart vedteke, men sjølv låneopptak er først gjennomført i 2016. Prosjektet er derfor no fullfinansiert.

Prosjekt 1091 Solsida/ Haugum barnehage var planen å legge fram prosjektrekneskap i 2015 men på grunn av sluttkostnader vert dette gjort i 2016.

Dei prosjekta som har overskringar, vil verte lagt fram for bystyret til behandling i 2016. Tabellen nedanfor syner prosjekt med udekka beløp i 2015.

Prosj	Prosjektnavn	Beløp
1002	Eigenkapitalfond KLP	1 558 454
1079	Meierikvartalet-veg/gangveg/fortau 20019	823 391
1091	Solsida/Haugum barnehage 2011	2 256 489
1131	Flovegen vassledning	235 462
1142	Formidlings-/startlån	707 906
1198	Uteområde Haukedalen kyrkje	226 033
1201	Ortofoto/ajouføre kart 2012	95 990
1248	Personalbase	226 292
1288	Hafstadparken - intern infrastruktur inkl parkering	964 593
1291	Hafstad bydel - motteke anleggsbidrag	590 763
1309	Bekkeinntak – utbetring	19 707
1327	Grunnarbeid Slåtten skule 2014	70 146
1348	Legging av fast dekke kommunal veg	55 058
1372	Avlaupsledning Kusslia-Moskog til felt K1	45 810
1373	Vassledning Kusslia-Moskog til felt K1	66 378
1377	Gang og Sykkelveg Kusslia-Moskog til felt K1	522 946
1379	Nytt legesenter	239 403
	Totalt meirforbruk investeringsrekneskaper 2015	8 704 822
	Tidlegare udekka i investeringsrekneskaper	
1079	Meierikvartalet-veg/gangveg/fortau 2009	699 268
1091	Solsida/Haugum barnehage 2011	764 536
	Sum udekka meirforbruk 2014	1 463 803
	Totalt meirforbruk i investeringsrekneskaper	10 168 625

Tabellen nedanfor viser dei største investeringsprosjekt ut frå rekneskapsført kostnad i 2015:

Prosj	Prosjektnavn	Utgifter 2015	Totalt budsjett	Totale utgifter
1019	Hafstadparken - grunnerverv	18 651 359	21 004 241	27 150 418
1029	Omsorgsbustader Steinavegen 2012	19 051 919	20 009 537	23 959 851
1091	Solsida/Haugum barnehage 2011	2 799 686	9 342 481	13 413 833
1205	Slåttebakkane barnehage	3 413 675	3 621 150	3 621 150
1292	Hafstad bydel - barnehage	4 316 736	6 149 780	8 162 125
1316	Holsen skule	2 824 257	2 923 407	2 924 988
1328	Slåtten skule ny paviljong 2014	17 937 669	20 833 584	20 539 664
1367	Førdehuset-nytt golv i idrettshallen	3 776 638	3 776 638	3 776 638
1369	Hafstad bydel - forskottering grunnerverv	16 348 525	16 344 025	16 348 525
1380	Hafstadparken, møteplassen	2 710 503		2 710 503
1421	BT Byggutvikling Holten bustadfelt veg	2 776 176		2 776 176

Dei største enkeltprosjektet i 2015 utover grunnerverv Hafstad bydel har vore bygging av omsorgsbustadar Steinavegen og ny paviljong Slåtten skule.

2.8 Finansplasseringar

2.8.1 Bakgrunn

I samband med retta emisjon i Sunnfjord Energi A/S fekk Førde kommune utbetalt eit eingongsbeløp på kr 73 955 200,- i år 2000. Heile summen var opphavleg sett av til fond, og 60 mill kr vart plassert i verdipapir. I tillegg plasserte Førde kommune ca 10 mill kr i verdipapirfond i samband med erstatning for tapt utbygging av Gaularvassdraget.

Formannskapet handsama i møte 1.10.2015 sak om sal av aksjar i to dotterselskap i Ankerløyken Eigedom AS. Førde kommune eig 22,22 % og mottek ein salssum på 11 mill kr. Førde kommune skal deretter bidra med 2 mill kr til oppfinansiering av selskapet. Det er tilrådd at differansen dvs. 9 mill kr vert plassert i finansmarknaden. Pr. 31.12.2015 er ikkje desse transaksjonane gjennomført.

2.8.2 Avkastning

Statusrapport finansinvesteringar		Eining	Tid	Forvaltarar			Sum forvaltar	2014	2013
31.12.2015				DnB	Carnegie	ondsforval	31.12.2015		
Avkastning	Sum aktivaklassar:								
	Verdiauke totalt	mkr	hittil i år	1,3	2,5	1,6	5,4	12,4	16,3
	Verdiauke totalt	%	hittil i år	2,0	3,4	6,8	3,2	7,6	10,7
	Akkumulert snitt	% pa	frå start	231100				7,3	6,9
	Pr aktivaklasse:								
	Rentepapir	%	hittil i år	0,4	0,2	0,2	0,3	5,3	4,3
	Aksjer	%	hittil i år	4,2	6,3	15,8	8,8	10,9	24,9
Inv.volum og	Sum aktivaklassar:								
	Verdi totalt	mkr	periode	66,7	77,7	25,2	169,5	164,2	151,8
	Pr aktivaklasse:								
	Renter	%	periode	70,5	63,4	61,3	65,1	54,2	58,0
	Aksjer	%	periode	29,5	36,6	38,7	34,9	45,8	42,0
	Renter	mkr	periode	47,0	49,3	15,4	111,7	91,6	91,7
	Aksjer	mkr	periode	19,7	28,4	9,7	57,8	72,6	60,1

Resultatet i 2015 er ei avkastning på plasserte midlar på 5,4 mill kr (3,2 %). Det var opprinneleg budsjettert med ei avkastning på 8,99 mill kr (6,1 %). Finansplasseringa har dermed gitt Førde kommune 3,6 mill kr mindre i driftsrekneskapen i 2015 enn budsjettert avkastning. Budsjettert avkastning er nedjustert i revidert budsjett til 5,4 mill kr. Nedjusteringa er finansiert med bruk av bufferfond på 3,6 mill kr.

Totalt forvaltningskapital utgjer 170 mill kr pr. 31.12.2015.

112 mill kr (65 %) er plassert i rentepapir til ein avkastning på 0,3 % medan 58 mill kr (35 %) er plassert i aksjar til ein avkastning på 8,8 % i 2015.

Alle forvaltarane våre (DnB, Carnegie og Fondsforvaltning) leverte lågare avkastning enn samanliknbart på rentepapir medan alle forvaltarane våre leverte avkastning høgare enn samanliknbart på aksjar i 2015.

2.8.3 Akkumulert avkastning

Akkumulert avkastning i perioden 23.11.2000 til 31.12.2015 er 95,2 mill kr eller 7,2 % p.a. i snitt. Det er 2,7 prosentpoeng over tilsvarande marknadsrente, eller 44 mill kr.

2.8.4 Rammer og risiko

Plasseringane ligg innanfor vedtekne rammer med 65 % av investeringsvolumet i rentefond, mot min 40 % - norm 70 % - maks 100 % ; og med 35 % i aksjefond mot min 0 % - norm 30 % - maks 40 %.

2.8.5 Framover

2016 er eit usikkert år med svak økonomisk utvikling, låge oljeprisar og rekordlave renter. Så langt i 2016 har aksjemarknaden hatt eit relativt kraftig fall. Det er budsjettert med 6,0 mill kr i avkastning på plasserte midlar i 2016.

Sjå elles pkt. 2.9.2 om bufferfond.

2.9 Eigenkapital og likviditet

2.9.1 Disponibel kapital

Fond og overskot	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Disposisjonsfond	14	13	48	49	29	59	48	44	50	52	56
Bunde driftsfond	37	42	30	35	43	44	45	42	39	33	36
Akkumulert overskott	17	32	11	11	33	14	0	0	0	0	0
Akkumulert underskott	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum	68	87	89	95	105	117	93	86	89	85	91
Ubundne investeringsfond	50	53	66	68	58	59	57	61	62	63	62
Bundne investeringsfond	31	30	5	7	23	17	32	45	26	31	34
Sum	81	83	71	75	81	76	89	105	88	94	96
Oppspart kapital	149	170	160	170	186	193	182	192	177	179	187
Av dette bundne fond	68	72	35	42	66	61	77	87	65	64	70
Frie fond	81	98	125	128	120	132	105	105	112	115	117

Grunna gjennomgåande positive rekneskapsresultat har vi klart å byggje opp ein god eigenkapital.

2.9.2 Bufferfondet

Bufferfondet inngår i den summen som i tabellen over står som disposisjonsfond. Fondet har som funksjon å kunne møte situasjonar med negativt resultat ut frå svingingar ein veit kjem på finansinvesteringar.

Bufferfond	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Avkastning/indeksregulering	2,1	2,6	0,0	1,2	0,0	8,2	0,0	0,0	5,1	0,0	
Dekn underskot/ strykningar					-11,8		-8,5				-3,5
Saldo 31.12	14,9	17,5	17,5	18,7	6,9	15,1	6,6	6,6	11,7	11,7	8,2

Det er i 2015 brukt 3,5 mill kr frå bufferfondet for å finansiere lågare avkastning på plasserte midlar enn budsjettert i 2015. Saldo på bufferfond utgjer derfor 8,2 mill kr pr. 31.12.2015.


Målet er at bufferfondet for finansinvesteringane skal utgjere 17 mill kr som er 10 % av plasserte midlar.

2.9.3 Likviditet

Førde kommune har klart seg utan kassakreditt dei siste åra, i og med at vi har såpass gode reservar at vi taklar svingingar i inntekts- og utgiftsstraumar.

Likviditeten vert vurdert til å vera relativt god, då både arbeidskapital og unyttta lånemidlar er auka frå 2014 til 2015. Ved rullering av finansreglementet i 2015 og i vedteke budsjett for 2016 er uttak av akkumulert avkastning på plasserte midlar omtalt. Det er tilrådd med bakgrunn i revidert finansreglement å gjere uttak på 35 mill kr av plasserte midlar for å ha nødvendig midlar til driftsformål Dette er pr. 31.12.2015 ikkje gjennomført.

Nedanfor følgjer graf for utvikling i arbeidskapital og unyttta lånemidlar;



2.10 Overordna Kostra-tal

Kostra-tal representerer den andre vinklinga på økonomisk informasjon om kommunal drift, ved at dei mellom anna refererer til relevante samanlikningskommunar. Dette er like viktig overordna informasjon som kommunens egne samanstillingar av rekneskap mot budsjett og mot eigen historikk.

Kostra-tal vert tilgjengeleg 15.03.2016 frå SSB, og vert tekne med i årsrapporten i staden.

2.11 Hovudoversikter

2.11.1 Rekneskapskjema 1A – Driftsrekneskapen

Kosts1a	Kosts1a(T)	Rekneskap 2014	Rev. budsjett 2015	Rekneskap 2015
LN01	Skatt på inntekt og formue	-305 394 101	-324 905 000	-329 023 136
LN02	Ordinært rammetilskot	-305 026 509	-306 000 000	-306 485 438
LN03	Skatt på eigedom	-29 600 728	-30 469 640	-31 437 250
LN04	Andre direkte eller indirekte skattar	-1 218 959	0	-146 811
LN05	Andre generelle statstilskot	-28 509 261	-21 776 734	-33 690 455
LN06	Sum frie disponible inntekter	-669 749 559	-683 151 374	-700 783 090
LN07	Renteinntekter og utbytte	-22 846 131	-15 028 000	-12 713 649
LN09	Renterutg.,provisjon o.a. finansutg	33 694 986	39 629 136	28 168 634
LN11	Avdrag på lån	43 295 707	43 300 000	42 911 570
LN12	Netto finansinntekter/-utgifter	54 144 562	67 901 136	58 366 555
LN14	Til ubundne avsetningar	13 467 684	18 136 013	18 136 013
LN15	Til bundne avsetningar	8 165 055	2 430 144	3 923 763
LN16	Bruk av tidl.å.rekn.m.mindreforbr.	-6 787 704	0	0
LN17	Bruk av ubunde avsetningar	-3 503 701	-5 286 732	-5 286 639
LN18	Bruk av bunde avsetningar	-9 240 826	-3 542 439	-5 991 020
LN19	Netto avsetningar	2 100 508	11 736 986	10 782 118
LN20	Overført til investeringsbudsjettet	0	0	60 000
LN21	Til fordeling drift	-613 504 488	-603 513 252	-631 574 418
LN22	Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	613 504 488	603 513 252	621 762 776
LN23	Rekneskapsmessig meir-/mindreforb	0	0	-9 811 642

2.11.2 Rekneskapsskjema 2A – Investeringsrekneskapen

Kosts2a	Kosts2a(T)	Rekneskap 2014	Rev. budsjett 2015	Rekneskap 2015
LN01	Investeringar i anleggsmidlar	110 020 906	111 337 442	152 674 690
LN02	Utlån og forskotteringar	14 885 507	0	28 629 366
LN03	Avdrag på lån	8 516 607	0	12 045 511
LN04	Avsetningar	28 703 998	41 426 389	23 056 163
LN05	Årets finansieringsbehov	162 127 018	152 763 831	216 405 731
LN07	Bruk av lånemidlar	-81 750 711	-75 299 470	-106 638 263
LN08	Inntekter frå sal av anleggsmidlar	0	0	-56 650
LN09	Tilskot til investeringar	-13 009 510	-53 523 255	-55 916 081
LN10	Mottekne avdrag på utlån og refusjon	-37 447 229	-12 343 854	-24 394 720
LN11	Andre inntekter	-814 472	0	-434 073
LN12	Sum ekstern finansiering	-133 021 922	-141 166 579	-187 439 787
LN13	Overført frå driftsbudsjettet	0	-357 598	-60 000
LN14	Bruk av avsetningar	-17 673 697	-12 013 774	-20 201 122
LN15	Sum finansiering	-150 695 619	-153 537 951	-207 700 909
LN16	Udekka/udisponert	11 431 399	-774 120	8 704 822

2.11.3 Balanserekneskapen

Kostbal	Kostbal(T)	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015
LN01	A. Anleggsmidler	2 559 293 861	2 733 291 408
LN02 Faste eiendomar og anlegg	1 621 728 607	1 714 473 449
LN03 Utstyr, maskiner og transportmidlar	29 332 572	26 302 353
LN04 Utlån	101 710 792	121 066 640
LN05 Aksjar og andelar	63 081 105	64 659 559
LN051 Pensjonsmidlar	743 440 784	806 789 407
LN06	B. Omløpsmidlar	420 182 924	437 502 612
LN07 Kortsiktige fordringar	80 037 221	102 014 470
LN071 Premieavik	40 832 834	43 442 371
LN10 Obligasjonar	164 210 023	169 539 684
LN11 Kasse, postgiro, bankinnskot	135 102 846	122 506 087
LN12	SUM EIGEDELER (A + B)	2 979 476 785	3 170 794 020
LN13	C. Egenkapital	-530 688 388	-534 891 945
LN14 Disposisjonsfond	-51 853 246	-55 734 749
LN15 Bundne driftsfond	-37 618 327	-35 551 071
LN16 Ubundne investeringsfond	-62 872 531	-61 709 947
LN17 Bundne investeringsfond	-31 132 658	-34 150 559
LN171 Endring i regnskapsprinsipp som påvir. AK dri	-176 735	-176 735
LN18 Regnskapsmessig mindreforbruk	0	-9 811 642
LN192 Udekket i investeringsrekneskap	11 431 399	10 168 625
LN21 Kapitalkonto	-358 466 290	-454 036 819
LN219	D. Gjeld	-2 448 788 397	-2 529 791 124
LN22	Langsiktig gjeld	-2 293 060 037	-2 374 740 297
LN221 Pensjonsforpliktingar	-967 749 951	-998 591 171
LN25 Andre lån	-1 325 310 086	-1 376 149 126
LN26	Kortsiktig gjeld	-155 728 360	-155 050 827
LN28 Anna kortsiktig gjeld	-137 968 656	-126 285 029
LN281 Premieavik	-17 759 704	-28 765 798
LN29	SUM EIGENKAPITAL OG GJELD (C +D)	-2 979 476 785	-3 170 794 020
LN30	E. Memoriakonto	0	0
LN31 Ubrukte lånemidler	93 236 234	96 489 476
LN33 Motkonto for memoriakontiane	-93 236 234	-96 489 476

2.11.4 Økonomisk oversikt drift

Kosthd	Kosthd(T)	Rekneskap 2014	Revidert budsjett 2015	Rekneskap 2015
LN03	Brukarbetalingar	-38 085 271	-39 386 003	-38 950 370
LN04	Andre sals- og leigeinntekter	-101 363 383	-102 068 217	-106 338 640
LN05	Overføringar med krav til motytingar	-157 656 270	-121 103 513	-181 331 683
LN06	Rammetilskot frå staten	-305 026 509	-306 000 000	-306 485 438
LN07	Andre statlege overføringar	-28 509 261	-21 776 734	-33 690 455
LN08	Andre overføringar	-3 546 745	-1 661 201	-5 914 902
LN09	Skatt på inntekt og formue	-305 394 101	-324 905 000	-329 023 136
LN10	Eigedomsskatt	-29 600 728	-30 469 640	-31 437 250
LN11	Andre direkte og indirekte skattar	-1 218 959	0	-146 811
LN12	B. SUM DRIFTSINNEKTER	-970 401 228	-947 370 308	-1 033 318 685
LN14	Lønsutgifter	499 966 891	500 050 011	528 613 176
LN15	Sosiale utgifter	134 582 357	144 126 750	137 271 413
LN16	Kjøp som inngår i kommunal prod.	123 695 981	97 599 036	140 507 493
LN17	Kjøp som erstattar kommunal prod.	55 997 792	46 980 104	59 608 305
LN18	Overføringar	102 741 235	81 368 540	97 367 862
LN19	Avskrivningar	56 237 783	57 838 180	57 838 180
LN20	Fordelte utgifter	-2 787 881	-2 392 254	-9 081 041
LN21	C. SUM DRIFTSUTGIFTER	970 434 157	925 570 366	1 012 125 388
LN23	D. BRUTTO DRIFTSRESULTAT (B-C)	32 929	-21 799 942	-21 193 298
LN25	Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	-22 846 131	-15 028 000	-12 713 649
LN26	Mottekne avdrag på lån	-157 273	-100 000	-112 615
LN27	E. SUM EKSTERNE FINANSINNEKTER	-23 003 404	-15 128 000	-12 826 264
LN29	Renteutg., provisjon o.a. finansutg.	33 694 986	39 629 136	28 168 634
LN30	Avdragsutgifter	43 295 707	43 300 000	42 911 570
LN31	Utlån	117 056	100 000	123 779
LN32	F. SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER	77 107 749	83 029 136	71 203 982
LN34	G. RESULTAT EKST. FINANS.TRANS. (E-F)	54 104 345	67 901 136	58 377 719
LN35	Motpost avskrivningar	-56 237 783	-57 838 180	-57 838 180
LN36	I. NETTO DRIFTSRESULTAT	-2 100 508	-11 736 986	-20 653 759
LN38	Bruk av tidl. års rekn.messige mindreforbr.	-6 787 704	0	0
LN39	Bruk av disposisjonsfond	-3 503 701	-5 286 732	-5 286 639
LN40	Bruk av bundne fond	-9 240 826	-3 542 439	-5 991 020
LN42	J. SUM BRUK AV AVSETNINGAR	-19 532 231	-8 829 171	-11 277 659
LN44	Overført til investeringsrekneskapen	0	0	60 000
LN46	Avsetningar disposisjonsfond	13 467 684	18 136 013	18 136 013
LN47	Avsetningar til bundne fond	8 165 055	2 430 144	3 923 763
LN49	K. SUM AVSETNINGAR	21 632 739	20 566 157	22 119 776
LN51	L. REKN.MESS. MEIR-/MINDREFORBR. (I+J-K)	0	0	-9 811 642

2.11.5 Økonomisk oversikt investering

Kosthinv	Kosthinv(T)	Rekneskap 2014	Revidert budsjett 2015	Rekneskap 2015
LN03	Sal av driftsmidler og fast eiendom	0	0	-56 650
LN04	Andre salsinntekter	-423 275	0	-46 886
LN05	Overføringer med krav til motyting	-26 092 400	-12 343 854	-13 515 829
LN06	Statlege overføringer	-850 000	-10 849 244	-25 936 000
LN07	Andre overføringer	-12 159 510	-42 674 011	-29 980 081
LN08	Renteinntekter og utbytte	-391 197	0	-387 187
LN09	L. SUM INNTEKTER	-39 916 382	-65 867 109	-69 922 633
LN11	Lønsutgifter	126 276	0	152 180
LN12	Sosiale utgifter	21 289	0	37 611
LN13	Kjøp som inngår i kommunal prod.	87 212 415	94 303 581	128 329 045
LN14	Kjøp som erstatter kommunal prod.	736 708	656 526	3 473 150
LN15	Overføringer	19 526 645	14 051 806	14 587 428
LN16	Renteutgifter og omkostninger	740 297	1 798 742	2 736 822
LN17	Fordelte utgifter	-114 896	526 786	0
LN18	M. SUM UTGIFTER	108 363 631	111 337 442	149 316 236
LN20	Avdragsutgifter	8 516 607	0	12 045 511
LN21	Utlån	14 885 507	0	28 629 366
LN22	Kjøp av aksjer og andeler	1 772 171	0	3 358 454
LN23	Dekking av tidl. års udekka	15 531 071	7 573 539	9 967 596
LN24	Avsetn. til ubundne inv.fond	1 417 293	0	882 247
LN25	Avsetn. til bundne fond	11 755 634	33 852 850	12 206 321
LN27	N. SUM FINANS.TRANS.	53 878 283	41 426 389	67 089 494
LN28	O. FINANS.BEHOV (M+N-L)	122 210 636	86 896 721	146 483 098
LN30	Bruk av lån	-81 750 711	-75 299 470	-106 638 263
LN31	Mottekte avdrag på utlån	-11 354 829	0	-10 878 890
LN33	Bruk av tidl. års udisponert	-1 283 150	0	0
LN34	Overføringer frå driftsrekn.	0	-357 598	-60 000
LN35	Bruk av disposisjonsfond	-7 943 832	-13 147 268	-8 967 871
LN36	Bruk av ubundne inv.fond	-527 646	0	-2 044 831
LN37	Bruk av bundne fond	-7 919 070	1 133 494	-9 188 420
LN39	R. SUM FINANSIERING	-110 779 237	-87 670 842	-137 778 276
LN40	S. UDEKKA/UDISP. (O-R)	11 431 399	-774 120	8 704 822

Det vert elles vist til notar og merknader i rekneskapsdokumentet.

3 Likestilling

3.1 Kjønnfordeling i kommunen

Kommunen har slik fordeling mellom kvinnelege og mannlege arbeidstakarar, fordelt på dei ulike einingane pr 31.12.2015. (Oversynet viser tilsette i alle typar stillingar som kommunen har eit løna arbeidsforhold til i samsvar med HTA):

Eining	Namn på eining	Årsverk 2015	Årsverk 2014	Tal kvinner			Tal menn			Sum		
				2015	2014	2009	2015	2014	2009	2015	2014	2009
100	Rådmann	5,35	5,35	2	2	1	4	4	4	6	6	5
110	Personal og serviceeiniga	18,85	18,53	22	21	20	4	4	3	26	25	23
120	IKT	16	15	3	2	1	13	13	11	16	15	12
130	Rekneskap-skatt	18,4	18,7	16	15	15	5	5	6	21	20	21
140	Fagutvikling og koordinering	16,9	16,9	12	12	5	7	6	7	19	18	12
210	Førde barneskule	27,24	28,19	31	30	25	9	9	9	40	39	34
211	Halbrend skule	47,43	43,76	34	31	34	20	19	18	54	50	52
212	Karstad skule	8,63	8,74	9	10	8	1	4	1	10	14	9
213	Sunde skule	21,76	20	20	18	12	4	4	4	24	22	16
214	Holsen skule	11,92	13,53	10	13	11	4	5	1	14	18	12
215	Frøysland skule	3,4	3,3	2	3	3	2	2	0	4	5	3
217	Slåtten skule	45,15	44,84	42	41	37	15	16	16	57	57	53
218	Flatene skule	30,3	28,04	32	33	38	4	5	9	36	36	47
219	Førde ungdomsskule	40,53	37,85	30	28	24	17	16	19	47	44	43
230	Førde Norsksenter	26,22	18,2	18	15	10	12	6	6	30	21	16
250	Kulturskule	12,74	14,52	10	6	7	11	12	10	21	18	17
260	PPT	15,1	14,2	12	12	11	5	4	4	17	16	15
270	Slåttebakkane barnehage	11,6	10,8	13	12	11	1	1	0	14	13	11
271	Halbrend barnehage	16,1	16,52	17	17	24	2	2	4	19	19	28
272	Vie barnehage	24,7	26,3	22	25	28	5	3	1	27	29	29
273	Sunde barnehage	14,9	16,4	17	19	17	1	1	1	18	20	18
274	Solsida barnehage	21,1	22,7	18	21	25	4	4	4	22	25	29
275	Førde familiebarnehage	10,2	12,13	12	14	13	0	0	0	12	14	13
276	Vieåsen barnehage	15,7	15,1	15	14	17	3	3	4	18	17	21
277	Tusenfryd barnehage	16,5	19	17	18	19	2	3	2	19	21	21
278	Hatlehaugen barnehage	9,77	10,57	11	11	19	1	2	0	12	13	19
279	Ytre Hafstad barnehage	17,4	17,1	16	15	-	3	3	-	19	18	-
310	Helse og born		31,4		33	51		4	16		37	67
310	Barnevern (Ny frå aug)	19,33		18			4			22		
311	Helsestasjonen (Ny frå aug)	17,25		20			0			20		
314	Kronborg ressurshage	18,2	17	18	17	15	5	4	5	23	21	20
315	Bu- og miljøtenesta	69,57	68,14	90	90	38	23	23	10	113	113	48
320	Legesenter og rehabilitering	21,43	21,18	26	24	-	5	8	-	31	32	-
340	Psykiatritenesta	23,61	24,53	24	24	20	5	5	10	29	29	30
355	NAV	14,1	13	12	11	13	3	3	4	15	14	17
372	Heimetenester	72,29	70,79	95	96	84	14	11	6	109	107	90
373	Kjøkkentenesta	11,16	11,02	19	17	17	1	1	1	20	18	18
374	Helsetunet, skjerma eining	14,96	16,07	27	28	24	0	1	1	27	29	25
375	Helsetunet, eining 2	32,52	31,83	55	50	32	0	0	0	55	50	32

376	Helsetunet, eining 3	16,14	13,27	26	23	42	0	0	1	26	23	43
500	Kultur	15,92	14,47	18	14	15	8	9	9	26	23	24
610	Byggesak og arealforvalt.	12,76	12,8	3	3	-	10	10	-	13	13	-
620	FDV	57,36	59,48	41	41	42	27	27	23	68	68	65
670	Teknisk drift	8,43	6,32	1	1	1	27	26	14	28	27	15
671	VAR	15,72	17,86	2	2		16	17		18	19	15
	Sum tilsette ⁽¹⁾			934	913	833	298	295	275	1232	1208	1108
	Prosentvis fordeling			75,8	75,6	75,2	24,2	24,4	24,8			
	Årsverk			723	707	642	242	239	220	965	946	862

Merknad

Sum tilsette totalt samsvarar ikkje med summen av tal tilsette i alle einingane til saman då det er 28 tilsette som arbeider på fleire einingar og som såleis vert telt fleire gongar.

Kommentar:

Tal tilsette auka med 24 frå 2014 til 2015. Tal årsverk auka med 19. Hovudvekta av auken kjem på Norsksenteret og Helse Born (no Barnevernet og Helsestasjonen).

Kvinner er i sterkt fleirtal og utgjer 75,8 % av alle tilsette i Førde kommune. Dette er ein marginal auke på 0,2 % frå 2014. Andelen menn utgjer såleis 24,2 % av den totale arbeidsstokken. Nasjonale tal i 2014 for kommunesektoren er 78 % kvinner og 22 % menn. Førde kommune ligg såleis litt under gjennomsnittet når det gjeld kvinnedel.

Når det gjeld leiurar (rådmann/kommunalsjefar og einingsleiurar) så er 56,5 % kvinner og 43,5 % menn. I 2014 var nasjonale tal hv 65,5 % kvinner og 34,5 % menn. Førde kommune har såleis ein meir balansert kjønnsamansetning på leiarnivå enn landsgjennomsnittet.

3.2 Kjønnsfordelt oversikt over heiltids- og deltidstilsette

	Totalt 2015	Kvinner 2015	Menn 2015	Totalt 2014	Kvinner 2014	Menn 2014
Totalt tal tilsette	1232	934	298	1208	913	295
Prosent tal tilsette		75,81	24,19		75,58	24,42
Tal tilsette med 100 % stilling	599	400	199	590	386	204
Prosent tilsette med fulltid	48,62	42,83	67,11	48,84	42,28	69,15
Tal tilsette i deltidstilling	633	534	99	619	527	91
Prosent tilsette med deltid	51,38	57,17	33	51,24	57,72	30,85

Kommentar:

I Førde kommune utgjer deltidstillingane totalt 51,38 % av alle stillingane. Dette er 1,75 %-poeng under landsgjennomsnittet i kommunal sektor, og er ein reduksjon på 0,14 %-poeng i høve til 2014.

Av kvinnene så arbeider 57,17 % i deltidstillingar mens tilsvarande tal blant menn er 33 % Dette talet er ein liten reduksjon for kvinner samanlikna med 2014, mens det er ein litt større auke

menn.

Deltidstillingar finn ein i alle sektorar men omfanget er framleis størst innan pleie- og omsorgstenesta.

Når ein ser på tal deltidstilsette, er det viktig å huske på at medarbeidarane i dag har mange rettar som gir dei muligheiter til å arbeide deltid. Såleis og derfor vil deltid avle deltid.

I tillegg er det ein del stillingar som er/skal vere deltidsstillingar for eksempel innafør brannvern, kulturskulen, helgestillingar for studentar m.v

Når det gjeld uønska deltid, så er det ikkje gjennomført ei nøyaktig registrering innafør dette området det siste året, men eigen oversikt viser om lag 20 tilsette som ønskjer å auke stillinga si. Dette vil det bli arbeidd med dette i 2016.

3.3 Kjønnfordelt lønsstatistikk

Gjennomsnittleg årsløn alle tilsette						
	2015	2014	2008	Auke i kr frå 2014 til 2015	Auke i % frå 2014 til 2015	Auke i % frå 2008 til 2015
Kvinner	441 856	429 601	336 951	12 255	2,85	31,13
Menn	479 350	465 273	368 621	14 077	3,03	30,04
Alle	451 258	438 862	345 392	12 396	2,82	30,65

Kommentar:

Lønsskilnaden mellom kvinner og menn har si årsak i at flest kvinner er tilsette i låglønna yrke som reinhald, kontor og i dei forskjellige fagarbeidaryrka. Flest menn er i stillingar kor det er krav om høgare utdanning. Lønsskilnad mellom kvinner og menn skal ikkje førekome innafør same stillingstype.

Ser vi perioden 2014-2015 så auka løna for menn 0,18 % meir enn for kvinner.

Samanliknar vi perioden 2008 – 2015, så er det og kvinnene som har hatt den største lønsauken; 1,09 % høgare enn menn.

Gjennomsnittleg årsløn i respektive lønsgruppe sortert på kvinner og menn					
Lønsgruppe	Gjennomsnitt løn kvinner (K)	Gjennomsnitt løn menn (M)	Differanse i kr mellom K og M si løn i 2015	Differanse i % mellom K og M si løn i 2015	Differanse i % mellom K og M si løn i 2014
GRP 1 (inga utd.)	351 282	346 050	5 233	1,49	6,58
GRP 2 (fagarb. Utd.)	383 730	405 792	-22 062	-5,75	-4,75
GRP 3 (høgsskuleutd.)	433 545	441 264	-7 718	-1,78	-2,71
GRP 4 (høgsskuleutd. m/ tilleggssutd)	491 414	561 160	-69 746	-14,19	-10,07

GRP 5	621 000	0			
KP 5 (div stillingar høg utd)	574 714	632 762	-58 048	-10,10	-7,93
UV1 (lærar)	440 471	403 318	37 153	8,43	3,07
UV2 (adjunkt)	486 575	499 278	-12 702	-2,61	-2,75
UV3 (adjunkt m/ tilleggсутd)	520 394	517 400	2 994	0,58	1,16
UV4	504 000	510 108	-6 108	-1,21	
UV5 (lektor med tillegg)	553 893	590 228	-36 335	-6,56	1,84

Kommentar:

I lønsgruppe GRP 1 – 4 så spelar lønsansienniteten ei stor rolle. I GRP 1 er det mange yngre menn med låg lønsansiennitet, noko som fører til ei lågare gjennomsnittsløn. I GRP 2-3 derimot er bildet motsatt. Her er det fleire yngre kvinner med lågare lønsansiennitet enn deira mannlege kollegaer. I GRP 4 kor differanse er størst, skuldast dette at dei fåtal mannlege tilsette som er lønsplassert i denne lønsgruppa har leiarstillingar, er omplasserte leiarar eller har tunge sakshandsamarstillingar.

I KP 5 er det fleire menn enn kvinner i «tyngre stillingar». Det fører til at menn har ei høgare gjennomsnittsløn.

I undervisningsstillingane (UV1-5) har kvinner og menn same løn. Der det er skilnad skuldast dette høgare lønsansiennitet hos dei kvinnelege arbeidstakarane i UV1 og 3, og motsatt i UV2 og UV5. I UV 4 som består av musikk- og kulturskulelærarar er tal tilsette for få til at skilnaden statistisk kan gje noko meining.

Gjennomsnittsløn leiarar								
<i>(Omfattar rådmann, kommunalsjefar og einingsleiarar med rådmann/kommunalsjef som næraste overordna)</i>								
	2015		2014		2009			
	Tal leiarar	Løn	Tal leiarar	Løn	Tal leiarar	Løn	Lønsauke i % frå 2014 til 2015	Lønsauke i % frå 2009 til 2015
Kvinner	26	683 423	24,9	654 338	22	508 281	4,44	34,46
Menn	20	752 985	20	720 855	23	557 974	4,46	34,95
Gjennom snitt		713 667		683 967		533 793	4,34	33,70

Kommentar:

I 2015 så auka løna med 4,34 % i gjennomsnitt for leiarar mot 3,2 % for alle arbeidstakarar i kommunen.

Løna generelt er høgare blant mannlege leiarar då fire av fem rådmenn/kommunalsjefar er menn. Dei har naturleg nok høgare løn enn einingsleiarane

Lønsdifferansen mellom mannlege og kvinnelege leiarar i 2015 er på om lag kr 69 562. Dette er ein auke på kr 3045 frå 2015. Mannlege leiarar hadde og ein lønsauke i 2015 som var 0,02 % høgare enn hos kvinner.

Gjennomsnittsløna for einingsleiarar (leiarar minus Rådmann/kommunalsjefar) er kr 692 183.

Skilnaden mellom menn og kvinner på kr 38.937. Kvinnelege einingsleiarar rauka løna si med 4,59 % i 2015. Tilsvarende for menn var 4,22 %.

Årsaka til at menn har høgare lønn enn kvinner, er i hovudsak at fleire mannlege leiarar har stillingar på større einingar og i stabseiningar som er høgare lønna enn gjennomsnitt.

3.4 Uttak av permisjon/tapte dagsverk pga permisjon sortert på kjønn

Periode: Fjerde kvartal 2014 til tredje kvartal 2015. Utskrift frå PAI/KS.

I % sv moglege dagsverk	Totalt			Barns sjukdom			Svangerskaps-/ omsorgspermisjon			Anna permisjonar med løn		Permisjonar utan løn	
	2015	2014	2009	2015	2014	2009	2015	2014	2009	2015	2014	2015	2014
Kvinner	4,85	3,38	3,5	0,45	0,45	0,4	3,23	1,96	2,5	1,17	0,97	0,18	0,29
Menn	2,37	2,63	1,9	0,29	0,29	0,2	1,22	1,56	1,0	0,86	0,78	0,06	0,08
Sum	4,24	3,18	3,0	0,41	0,4	0,4	2,74	1,86	2,1	1,09	0,92	0,15	0,23

Kommentar:

Det er ein auke i uttak av permisjonar frå 2014 til 2015 på 1,06 prosentpoeng. Dette skuldast i hovudsak større uttak av svangerskaps-/omsorgspermisjonar hos kvinner.

Det er verdt å merke seg at det er ein liten nedgang i permisjonar utan løn.

3.5 Alderssamansetning

I 2014 var alderssamansetjinga i kommunane i Norge på 44,7 år, og 12 % av årsverka blei utført av tilsette eldre enn 59 år.

I 2015 er tilsvarende tal for Førde kommune 44,6 år og 13,6 %.

Alderssamansetjinga i Førde kommune er såleis på eit gjennomsnittleg nivå.

3.6 Kjønsdelt statistikk i forbindelse med personalpolitiske satsingar

I samsvar med kommunen sine lønspolitiske retningslinjer vert det gitt lønstillegg etter kompetanseheving som ikkje inngår i grunnløna. Tabellen under viser kor mange innafor kvart kjønn som har eit slikt tillegg:

Kjønn	Tal i 2015	Prosentvis av tal tilsette 2015	Tal i 2014	Prosentvis av tal tilsette 2014	Tal i 2010	Prosentvis av tal tilsette 2010
Kvinner som har tillegget	170	13,8%	167	13,8%	84	7,5 %

Kjønn	Tal i 2015	Prosentvis av tal tilsette 2015	Tal i 2014	Prosentvis av tal tilsette 2014	Tal i 2010	Prosentvis av tal tilsette 2010
Menn som har tillegget	38	3,2%	37	3,1%	17	1,5 %

Kommentar:

Med utgangspunkt i tal tilsette i kommunen, så er det flest kvinner som har gjennomført kompetansehevande tiltak. Det har vore ein minimal auke i 2015 når det tal tilsette som har fått utteljing for kompetansegivande tiltak.

Ser vi litt tilbake i tid og samanliknar med året 2010, så har tal tilsette som har fått kompetansetillegg dobla seg.

3.7 Tiltak for å fremme likestilling og hindre forskjellsbehandling

Eigen «Plan for å fremme likestilling og hindre diskriminering» blei implementert i kommunen i 2011. Denne vert følgt opp i dei daglege rutinane

I tillegg vil det innafor handlingsplanen i Arbeidsgjevvarpolitikk bli arbeidd med fleire tiltak innafor dette området.

4 Etikk

Dei siste åra har det blitt arbeidd målretta for å sikre at høg etisk standard ligg til grunn for alt arbeid som kommunen utfører. Døme på tiltak som tidlegare har blitt sett i verk er:

- Opplæring til alle leiarane i kommunen
- Medarbeidarundersøkingar som har spørsmål knytt til etikk
- Etablering av internt innkjøpsforum
- Leiarsamlingar kor etiske problemstillingar har vore på dagsorden
- Etikk skal vere tema på einingsleiar møte
- Etablering av leiarnettverk
- Utarbeiding av rutinar for innkjøp og tilvising
- Utarbeida rettleiar for bruk av sosiale media i Førde kommune
- Styrevervregisteret til KS
- Medlemskap i Transparency International Norge.
- Varslingsordning for kritikkverdige forhold

2015 er det etablert eit nytt elektronisk avvikssystem som betre skal fange opp og gje ein overordna betre oversikt over avvik og kritikkverdige tilhøve, jfr pkt 5.

Opplæringsplanen for Førde kommune fokuserer både på forvaltningspraksis og etiske refleksjonar på ulike nivå i organisasjonen. I introduksjonskurs for tilsette og for leiarar er etikk vektlagt. Annakvart år gjennomfører Førde kommune medarbeidarkartlegging der etikk også er ei sentral spørsmålsstilling. Får rådmann kjennskap til ting som kan type på misleghald eller forsøk på misleghald vert dette teke opp med den det gjeld.

Høg etisk standard skal ligge til grunn for alt arbeid i Førde kommune. Dette inngår som mål i handlingsplanen for 2015-2018. Det er gjennomført folkevaldopplæring der etikk var tema. Einingane skal rapportere om fokuset på etikk i årsrapporten.

5 Rådmannens eigenkontroll

Kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å føre kontroll med eiga verksemd. Rådmannen har det overordna ansvaret – **Rådmannens eigenkontroll** – og er pålagt å sikre at han har *betryggande kontroll* med administrasjonen, slik det er pålagt i Kommuneleova §23,2 og elles følgjer av mange særlover. Eigenkontroll går såleis inn som viktig del av det samla leiaransvaret til rådmannen, men også for einingsleiarane som har det operative ansvaret for tenesteproduksjonen og forvaltningsverksemda.

Eigenkontrollarbeidet er ein aktivitet rådmannen arbeider med i eit systematisk og langsiktig perspektiv – på fleire nivå i organisasjonen. Eigenkontroll har hatt fokus i leiargruppa over fleire år – i 2015 har hovudfokuset til rådmannen særleg vore på *einingsleiarnivået*, slik det og vil vere det i åra som kjem. Rådmannen ser føre seg at først i ved utgangen av 2016 vil eigenkontroll vere fullt ut integreert i det ordinære styringssystemet til kommunen.

Sentralt i 2015 har vore å førebu, og starte innføringa av tre nye elektroniske verktøy som viktig grunnlag for godt eigenkontrollarbeid i einingane og hjå rådmannen – kalla **RETTESNORA**: Ein ny *dokumentstyringsmodul* samlar alle kommunens prosedyrar, rutinar, sjekklister m.v. for tenesteproduksjon og forvaltningsverksemda ein stad. Like eins er førebuingane gjort for innføring av ny elektronisk *forbetnings- og avviksmodule* og ny modul for gjennomføring av *risikovurderingar*, som skal på plass komande år.

2015 – fokusskifte frå rådmannsnivå til eit einingsvisst eigenkontrollarbeid:

- *Controller* for rådmannens eigenkontroll driv det fortfarande eigenkontrollarbeidet gjennom året i nært samarbeid med rådmann og eiga controllergruppe.
- *Tiltaksplan for overordna eigenkontrollaktivitetar* for 2015 er godkjent av leiargruppa ved inngangen av året, og dannar basis for arbeidet til controller
- Eigenkontroll har vore fast tema i *utvida leiargruppe* gjennom året – med spesielt fokus på modulane i eigenkontrollsystemet Rettesnora, under innføring
- Controller har gjennom året delteke ved fleire *eksterne tilsyn* gjennomført i kommunen – innan barnevern, brann, El-tilsyn, folkehelse, for å tilpasse eigenkontrollen til statlege krav og føringar- og for å informere om kommunens eigenkontrollarbeid og -system
- Controller har i samband med opplæringa i modulane i Rettesnora også gjeve *brei teoretisk opplæring i omsluttande eigenkontroll* ute i einingane – og ved fleire høve på oppfordring også gitt opplæring i nabokommunane
- Det er gjennomført *risikovurderingar* i fleire einingar forut for eksterne tilsyn for å avdekkje risiko og etablere avbøtande tiltak der det er naudsynt.
- Rådmannen og controller har utvikla ei vidtfemnande *sjekklister og verktøy for analyse*, der alle einingsleiarane for seg har kartlagt det overordna risikobiletet for eigenkontrollen på 7 sentrale ansvarsfelt. Sjekklister er meint som grunnlag for oversyn og konkrete forbetringstiltak i einingane – og kommunalsjefar og rådmannen nyttar talmaterialet på aggregatnivå. Rådmannen vil nytte sjekklister i einingane, årvisst.
- Rådmannen har i 2015 elles informert om rådmannens eigenkontroll-arbeid både mot bystyret, kontrollutvalet og revisjon, AMU, tillitsvald- og verneapparat og mot Fylkesmannen.